

Foreløpig løypemelding for muligheidsstudiet på Hjeltnes

Innleiing


Denne rapporten er midtveisrapportering til styringsgruppa og syner arbeidet som er gjort av prosjektgruppa i Muligheidsstudiet på Hjeltnes per 1. juli 2014. Rapporten syner mandat for prosjektet, organisering av prosjektet, prosessen i prosjektet og kva for tema som prosjektgruppa har greia ut eller skal greie ut.

Bakgrunn og mandat

Fylkestinget har som del av skulebruksplanen vedtatt at *«Hjeltnes vgs vert vert oppretthalden som eiga eining til 2016, jfr. punkt 6c. HFK set i gang eit prosjekt/ mogelegheitsstudie med føremål å etablere nye utdanningsprogram og anna berekraftig aktivitet på Hjeltnes vgs, og tek kontakt med Ulvik herad og dei ulike næringslivsorganisasjonane for samarbeid.»*

Prosjektorganisering:

Arbeidet vert organisert med ei prosjektgruppe, ei styringsgruppe og ei referansegruppe. Prosjektgruppa sine faste representantar vert oppnemnt av styringsgruppa. Prosjektgruppa kan etter behov trekkje inn relevante organisasjonar og bransjar i arbeidet. Styringsgruppa er oppnemnt av fylkesrådmannen.



Figur 1 prosjektorganisering av 'Muligheitsstudiet på Hjeltnes'

Styringsgruppa består av:

- Regionaldirektør Bård Sandal
- Organisasjonsdirektør Ingrid Kristine Holm Svendsen
- Opplæringsdirektør Svein L. Heggheim

Prosjektgruppa er samansett slik:

- prosjektleiar frå næringsseksjonen i Hordaland fylkeskommune, Heidi Bjønnes Larsen
- ein representant frå Ulvik herad, ordfører Hans Petter Thorbjørnsen
- ein representant frå Hardangerrådet, Leiv Vambheim
- ein representant frå opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, regionleiar Annbjørg Laupsa
- ein representant frå Hjeltnes vidaregåande skule, rektor Gunnbjørg Øyre
- ein lokal tillitsvald frå Hjeltnes vidaregåande skule, Kåre Olai Solheim frå Delta.

Temagruppene

Medlemmar i temagruppene (sjå figur 1) er ei blanding av folk frå prosjektgruppa og referansegruppa eller andre som har kompetanse knytt til tema som skal greiast ut.

Referansegruppa

Tabell1 Medlem av referansegruppa per 01.07.2014

Organisasjon	Kontaktperson
--------------	---------------

Hordaland bondelag	Knut Nes
Hordaland bonde- og småbrukarlag	Arne Lofthus
Fagopplæringskontoret Avd. Norheimsund	Terje Svendsen
Bergen tekniske fagskule avd. Hjeltnes	Andrid S. Innset
Fylkesmannen, Landbruksavd.	Øyvind Vatshelle
Bergen Blomsterhandlerforening	Henriette Stray Juuhl
NAML Norske anleggsgartnere - miljø og landskapsentreprenører	Trond Lomsøy
Bygdeungdomslaget	Marie Hjelle,
Norsk Gartnerforbund	Kristoffer Hjeltnes
Bioforsk Øst Ullensvang	Roald Sørheim
Hardanger Ungdomsråd	Nils Michauch
Ulvik ungdomsråd	Nils Michauch
Reisemål Hardanger fjord	Hans Jørgsen Andersen

Eksterne ressursar

Etter søknad frå Hjeltnes vgs har Ulvik herad gitt desse løyvingane til Muligheitsstudiet på Hjeltnes:

1. Ulvik herad gjev Hjeltnes vidaregåande skule høve til å omdisponera tidlegare løyving (hagebruk/skilting) med restsum kr. 123 000,- som omsøkt.
2. Ulvik herad stiller nødvendige administrative utgreiingsressursar til disposisjon tilsvarande ein sum på kr 127 000,- etter avtale. Bygde- og næringsutviklar i Ulvik, Natalia Golis og Landbrukssjef i Ulvik Rolf Tore Djønne skal jobbe saman med prosjektgruppa og i temagrupper.
3. Ulvik herad løyver kr 250 000.- til moglegheitstudie ved Hjeltnes vg. skule.

Tema Fagskuletilbod i Nordisk gastronomi er løyva 300 000 kr frå Hardangerrådet. Pengane administreras av Hjeltnes vgs. og brukas i hovudsak til å løna deltakarar frå næringslivet.

Prosjektprosessen

Kick-off for Muligheitsstudiet fant sted på Hjeltnes 1.november 2013. Dei tilsette ved Hjeltnes vgs. ble informert om muligheitsstudiet av fylkesdirektør for Regionalavdelinga Bård Sandal. Etter Sandal sin presentasjon var det andre presentasjonar. Til slutt var det idemyldring der dei tilsette kom med til den vidare drifta av Hjeltnes. Da idemyldingsfasen av prosjektet var avslutta var det 176 idear foreslått. Ideane har blitt delt inn i tema for lettare å kunne handtre dei. Alle dei originale ideane er tatt vare på i ein idedatabank.

Per 1. juli 2014 har det vore to møter i styringsgruppa, sju møter i prosjektgruppa og et møte i referansegruppa.

Prosjektgruppa har diskutert seg fram til kva for tema som skal greiast ut og i kva for rekkefølge det skal gjerast i. Temagruppene greier ut sine respektive tema og melder inn til prosjektgruppa.

Rapport frå prosjektgruppa vil vere det viktigaste bakgrunnsmateriale for fylkesrådmann si administrative behandling før framlegging av sak til Fylkestinget. Rapporten skal gje ei tilråding om konkret berekraftig aktivitet innanfor både opplæring og næring. Rapporten skal være ferdig 10. mars 2015. Saken skal handsamas av fylkestinget våren 2015.

Temagruppene består av medlemmer frå prosjektgruppa og innhenta fagfolk frå referansegruppa eller frå anna næring med kompetanse knytt til dei respektive tema. Gruppene har 4-5 medlem.

Prioriterte tema

Tabell 2 syner tema som skal utredas innafor Muligheitsstudiet på Hjeltnes, kven som er i temagruppa som har ansvar for å utgreie tema og tidsplan for framdrift for arbeidet knytt dei ulike tema. Tema vi har brukt eller skal bruke tid på er: vidaregåande skule på Hjeltnes, Fagskuletilbod i Nordisk gastronomi, Hagebruk på Hjeltnes, Destinasjon Hjeltnes, Hjeltnes som arena for utsatt ungdom, Hagedesign som fagskuletilbod, skogbrukutdanning (avhengig av at det er eit vidaregåande skule tilbod på Hjeltnes), vaksenopplæring på Hjeltnes og transportløysningar. Vi har starta arbeidet med å utgreie dei fem første tema.

Tabell 2 Framdrift innenfor ulike tema og temagruppe

Tema/uke	1 7	1 8	1 9	2 0	2 1	2 2	2 3	2 4	2 5	2 6	2 7	2 8	2 9	3 0	3 1	3 2	3 3	3 4	3 5	3 6	3 7	3 8	3 9	4 0	4 1	4 2	4 3	4 4	4 5	4 6	4 7	4 8	4 9	5 0	5 1	5 2	1 2	2 3	3 4	4 5	5 6	6 7	7 8	8 9	1 0	1 1	Tema-gruppe							
Fagskole s Nordisk gastronomi	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Yellow	Yellow	Yellow	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Håkon, Andrid, Pål, Heidi, Hanne					
Vgs på Hjeltnes		Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green																																										Prosjekt-gruppa			
Hjeltnes som en arena for utsatt ungdom										Green	Green	Green	Green	Yellow	Yellow	Yellow	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Gunnbjørg, Håkon, Heidi, Ann- Ann- bjørg/Nina			
Destinasjon Hjeltnes										Green	Green	Green	Green	Yellow	Yellow	Yellow	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Natalia, Andrid, Leiv, Vibe- ke			
Hagebruk på Hjeltnes																				Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Rolf Tore Heidi			
Hagedesign fagskole																																																				Andrid		
Skogbruk utdanning																												Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Rolf Tore
Vaksenopp- læring på Hjeltnes																																																				Hjeltnes		
Transportløy- singer																																																					Ulvik He- rad	
Skrive rap- port																																																						Heidi og prosjekt- gruppa

= Ferie
 =tema utredas

Vidaregåande opplæring:

Temagruppe: prosjektgruppe

I skulebruksplanen ble det foreslått at Hjeltnes skulle gjerast om til ei avdeling under Nye Voss vgs. Årsaka er låge elevtal på Hjeltnes over fleire år (sjå tabell 3) og at skulen er ein av dei dyraste skulane i Hordaland å driva.

Tabell 3 Elevtal ved Hjeltnes vgs. per skuleår

Fag/Skuleår	09/10	10/11	11/12	12/13	13/14
Naturbruk	5	7	12	6	10
Naturbruk, naturbasert reiseliv	3				
Anleggsgartnerfag og idrettanleggsgfag	10	11	12	12	24
Blomsterdekoratør	10	12	9	11	7
Landbruk og gartnernæring	2	4			
Lærling				1	
Sum	30	34	33	30	41
Vaksenopplæring	11	11	12	12	16
Elevar totalt	41	45	45	42	57

For skuleåret 2014/15 er Vg1 Naturbruk lagt ned etter justering av tilbodsstruktur ved dei vidaregåande skulane på bakgrunn av søkjartal pr. 1.mars 2014.

I Muligheitsstudiet har det vore eit sentralt poeng å undersøke Hjeltnes sine framtidige høve for å utvide sitt tilbod av linjer innan det vidaregåande skule systemet. Den 27.februar 2014 hadde prosjektgruppa møte med inntaksleiar Nils Skavhellen om kva muligheiter for vidaregåande opplæring som kan ligge ved Hjeltnes. Rektor på Hjeltnes Gunnbjørg Øyre gjennomgjekk Hjeltnes sine ynskjer knytt til vidaregåande opplæring. Hjeltnes ynskjer muligheit for ein eller fleire av desse: allmenn påbygg, Design og Handverk VG1, aktivitør, VG2 klasse for skog, Helse og Sosial, Landslinje for anleggsteknikk, produksjonskule. Svara frå Nils Skavhellen var at det er bare allmennfag påbygg for dei med fagbrev og VG2 skog som kan vurderas på Hjeltnes. Eit eventuelt tilbod innan skog er avhengig av ei satsing på næringa i kommunen.

Fagskuletilbod i Nordisk gastronomi

Temagruppe: Håkon Gjerde (Hjeltnes Vgs), Andrid Solaas Innset (Bergen Tekniske fagskole/ Hjeltnes vgs), Pål Drønen (Slow Food Hardanger), Hanne Frosta (Hanne på Høyden) og Heidi Bjønnes Larsen (Hfk næringsseksjonen).

Etter ide frå Slow Food Hardanger og etterspørsel frå reiselivsnæringa er det satt i gang arbeid med å greia ut og lage eit fagskule tilbod innafor Nordisk gastronomi. Studiet skal bygge på både «manifest for det nordiske kjøkken» og Slow Food sin ideologi. Studentane skal få praktisk erfaring og teoretiske kunnskapar om alle ledd i verdikjeda, frå produksjon av råvarer fram til det ferdige måltid. Studiet skal bestå av teori og praktisk deltakande arbeid der studentane får innsikt i kjemi, biologi,

økonomi, leiding, distribusjon, marknadsføring, mattryggleik, produksjon og bearbeiding av råvarer fram til ferdig produkt. I tillegg vil studentane få djup innsikt i drikke- og matkultur og kommunikasjon. Studentane vil kunne formidle ei god matoppleving basert på deira kunnskap om matkvalitet og mathistorie. Studiet skal være eit fulltidsstudie som strekker seg over to år, og vil finne stad på Hjeltnes i Ulvik i Hordaland. Fagskulestyre i Hordaland har godkjent at det skal utarbeidas ein søknad til NOKUT.

Temagruppa søkte og fekk Leonardomidlar for å reise på studietur til Bra i Italia. Vi reiste til Bra for å kople saman Slow Food internasjonalt med eit framtidig studietilbod på Hjeltnes. Det framtidige studietilbodet vil vere på basert Slow Food sine prinsipp. I Bra ligg University of Gastronomic Sciences. Det er den einaste plassen i verden der det finst ein formell Slow Food utdanning. I tillegg ligg hovudkontoret til Slow Food i Bra. Målet er å lære om korleis universitetet har bygd opp si utdanning. Reisa til Italia var bra og inspirerende. Det var stor interesse for samarbeid blant dei vi besøkte. Slow Food International, Univeristy of Gastronomic Sciences, Hjeltnes vidaregåande skule og Hordaland fylkeskommune har signert 'Letter of Agreement' kor dei seier at dei alle ynskjer å samarbeide knytt til det nye fagskuletilbodet.

Temagruppa hadde møte med rektor Torbjørn Tvedt og avdelingsleiar Reidar Bøen ved Bergen Tekniske Fagskule (BTF) den 8. mai slik at det vidare arbeidet med studietilbodet er forankra hjå BTF. Den 27.juni var heile temagruppa samt Torbjørn Tvedt og Reidar Bøen samla på Hjeltnes for diskutera framdrift i søknadsprosessen og fysiske fasilitetar. Arbeidet med studieplanar er i gang.

AUD er og i gang med undersøkingar knytt til næringa sin trong for denne kompetansen. Det er gjennomført 19 telefonintervju med næringa. Arbeidet med survey til potensielle studentar er starta. Det skal og gjennomførast fokusgruppe intervju. Det er naudsynt å skaffe betre datagrunnlag/fleire respondentar til AUD undersøkinga. Det er og viktig at temagruppa i sitt arbeid med studieplanar og NOKUT søknad i enda større grad engasjerer næringa for å sikre at studiet tilbyr kompetanse som næringa etterspør.

Målet er 2 årig fagskuleutdanning med 30 studentar kvart år. Fagskuletilbod i Nordisk gastronomi bryt ny veg, ikkje berre for Hjeltnes og Hardanger, men og for Norge og Norden. Hjeltnes kan bli Hordalands nye senter for mat og matkultur. Søknad skal leveras til NOKUT innan 15.februar.

Destinasjon Hjeltnes.

Temagruppa: Leiv Vambheim (Hardangerrådet) , Natlia Golis (Ulvik Herad), Andrid Solaas Innset (Bergen Tekniske fagskole/ Hjeltnes vgs), Vibeke Korsnes (Ulvik næringslag).

Reiselivssatsinga som kan knytast til Heltnes skal byggja på ressursane, materiell og kompetansen, som skulen rår over og skal i tillegg ha ordinære turistfunksjonar. Temagruppa har gjort seg nokre tankar om korleis Hjeltnes kan utviklas som ein destinasjon. Hjeltnes skal vera eit besøksmål i seg sjølv: «Eg skal til Ulvik for å vitja Hjeltnes». Arealbruk og tilrettelegging av Holmen og Snauholmen

skal synleggjeras gjennom skisser laga av ein landskapsarkitekt som kjenner området og er tru mot den grønne ideen. Punkta under er skrevet av Leiv Vambheim.

Destination Hjeltnes består av 5 element som opplevings og rekreasjonspark (Holmen og Snauholmen og dels Hjeltnestunet)

- a. Visning og bruk av råvarer til Nordisk gastronomi opplæring og kjøkken som studiemål og kursmål.
- b. Servering og sal av lokal mat og drikke basert på gjester i Isdalshuset og andre stader.
- c. Parkområde for kunnskap og rekreasjon. Arboret. Turstiar og aktivitet (også i Løo)
- d. Camping og dagparkering ved Holmen. Overnatting på Internatet.
- e. Konsertarena og fjordperler på Snauholmen.

Holmen:

(alt offentlig areal på begge sider av den kommunale vegen.)

- ❖ Holmen har profesjonelt idrettsanlegg og badeplass som kan utviklast.
- ❖ Holmen er eit rekreasjonsområde i dag.
- ❖ Holmen er eit hagebruksområde som no vert renoverert med gartneri, produksjonslokale, hagesenter, butikk, og fagskulelokale .
- ❖ Holmen har areal til å etablere campingplass/bubilplass med fasilitetar. (Dette kan outsour-sast).
- ❖ Holmen har areal til parkområde for visning i ein form for arboret.
- ❖ Holmen har eige fugletittingspunkt og – pynt..
- ❖ Holmen kan få vandrestiar for sambinding av tilbod og med rundtur på vegane til Hjeltnestu-net. Tilrettelegging veganlegg og utvikla turkart og marknadsføring.
- ❖ Holmen kan utviklast med kafétilbod både i Isdalshuset og i området for Nordisk gastronomi.
- ❖ Holmen vil vera eit mål for omvising for Cruiseturistar og besøkjande på hotell og overnat-tingsstader.
- ❖ Holmen er ei forlenging av Frukt og Siderruta over Syse/Lekve.
- ❖ Holmen må utvikla aktivitetar der ein kan tena pengar. Gratis tilrettelegging og fri bruk av om-rådet er ikkje miljøberande og vil krevja offentlege kroner.
- ❖ Holmen kan delvis leggas til rette av elevane ved skulen og fagfolk.

Snauholmen:

(holmen i Ulvikpodlen)

- ❖ Snauholmen er eit uutnytta potensiale for attraktive aktivitetar. Den berre ligg der.
- ❖ Snauholmen må vera ein integret del av den aktiviteten som ein vil utvikla i Holmen og alt det-te kan få nytt namn som «Hjeltnesholmen bygdepark» eller nok betre.

- ❖ Snauholmen vert snau. Snauholmen må ryddast for skog og framstå som heilt ny og heilt ukjent til irritasjon og glede for buande og besøkjande i Ulvik . Her kan det skapast eit sjokk som alle snakkar om.
- ❖ Snauholmen må planerast slik at den kan vera eit aktivum for aktivitet.
- ❖ Snauholmen kan få gjestebåthavn og dagcamping med utegrillar og toalettanlegg. I landstiging skjøl sjølvsagt kosta litt.
- ❖ Snauholmen får aktivitetspark for alle aldrar og vert ein møteplass for sjølivet i Ulvik.
- ❖ Snauholmen får oppgradert strand og tilrettelagt for bading.
- ❖ Snauholmen vert ei konsertområde. Ei permanent utescene (men førebels transportabel) vert sentrum for «Holmenfestivalen», «Hjetnesfest» eller « Ulviklarm» . Ulvik vil vera ein framifrå stad å koma for å høyra konsertar med kjende band – både for unge og gamle. Dette må organiserast kommersielt.
- ❖ Snauholmen får «Homlenbrua» til Holmen og fastlandet som kan stengjast med vipp og slik separera dei to områda alt etter funksjon.
- ❖ Snauholmen har geiter som både ryddar (Jf. Jernbaneverket sin erfaring) som også kan vera aktivum for barnefamiliar.

Hagebruk på Hjeltnes

Temagruppe: Rolf Tore Djønne og Heidi Bjønnes Larsen

Fruktdyrking har vore ein del av Hjeltnes sin identitet sida skulen ble opna i 1901. Hjeltnes har bidrege med viktig kompetanse til dei som ynskjer å ha frukt som næringsveg både i Hardanger og resten av landet. Hardanger er ein fruktregion med rom for å auka produksjonen. Prosjektgruppa meiner det er viktig å sjå nærmare på kva rolle Hjeltnes vidare skal ha i fruktregionen Hardanger. Temagruppa skal sjå nærmare på kva type grønt produksjon som skal være på Hjeltnes. I slutten av august skal det være møte med synfaring på Hjeltnes i temagruppe med fleire inviterte frå referansegruppa.

Spørsmål som temagruppa svare på:

- Korleis bruke plantearven (forskningsprosjekt, info. prosjekt)
- Kva for kompetanse til Hjeltnes tilby (bredde/spiss,)
- Laga ein rydde- og fornyingsplan for frukt- og bærhagen på Hjeltnes, investeringsbehov og økonomien i produksjonen, behov for arbeidskraft
- Laga ein produksjonsplan for det nye veksthuset og hagesenteret som syner kva som skal produserast, bruk av arbeidskraft og økonomien i produksjonen.
- Plan for demonstrasjons- og produksjonsfelt av grønsaker og urter, behov for arbeidskraft og økonomien i produksjonen
- Plan for bruk og utleige av alt areal som Hjeltnes vgs disponerer

Hjeltnes som ein arena for å inkludera utsatt ungdom

Temagruppe: Gunnbjørg Øyre (Hjeltnes), Håkon Gjerde (Hjeltnes), Heidi Bjønnes Larsen (Hfk næringsseksjonen og Annbjørg Laupsa (Hfk opplæringsavdelinga)/ Nina Ludvigsen (OT/PPT)

Ungdom som havnar på utsida av arbeidslivet er eit problem for ungdommen sjølv og for samfunnet rundt dei. Ungdom som ikkje fullfører vidaregåande utdanning har vanskeleg for å komme vidare i arbeidsmarknaden. Problemstillinga med ungdomsledighet og det høge talet på sluttarar i vidaregåande skule er tatt opp på nordisk, nasjonalt og regionalt nivå.

Nordisk

Nordisk ministerråd satt i gang eit prosjekt over tre år for å kartlegge og analysere kva dei nordiske landa gjer og oppnår med å inkludere utsette grupper i arbeidsmarknaden. Rapporten 'Unge på kanten – om inkludering av utsatte ungdommer' er resultatet av arbeidet knytt til ungdom i dette prosjektet. Rapporten peker på kor viktig det er med tidlig merksemd og førebygging ved potensiell risiko for fråfall og at ein må sjå nærmare på utforming og praksis i de yrkesfaglige utdanningar.

Rapporten summerer opp nokre vilkår som kan vere viktig for god gjennomføring og for gode praksisforsøk (sjå figur 2):

- Grundig kartlegging av den unges historikk og kompetanse
- Den unges egen medvirkning, spesielt i egen handlingsplan. Lytte til – og ta den unge på alvor
- Sterk individuell støtte og oppfølging av voksne med kompetanse, som tydelig viser at de bryr seg, som setter grenser, er støttende og oppmuntrer til mestring
- Voksne som har kompetanse på veiledning
- Fleksibilitet med hensyn til løsninger som er tilpasset den enkeltes behov, aller helst gjennom skole og arbeidspraksis i samarbeid og kombinasjon
- Hyppig kommunikasjon omkring konkrete løsningsstrategier
- Voksne i systemet med god oversikt over virksomheter og mulige arbeidsplasser. Samarbeid mellom skole, arbeidsliv, familie og kommune
- Hyppig kommunikasjon med foreldre og støtte til foreldre
- Systematisk evaluering av gjennomføring og resultater, fortrinnsvis med sammenligningsalternativer eller kontrollgrupper

Figur 2 Anbefalingar for god gjennomføring (Halvorsen et.al 2012)

Danmark og Island blir i trekt fram som land med ein målretta innsats profil. I Danmark har dei satt som mål at 95 prosent av kvart ungdomskull skal gjennomføre ein ungdomsutdanning i 2015.

Norge

Norge blir forklart til å ha ein litt meir 'universell profil'. I Norge gjennomfører omtrent 7 av 10 elever vidaregåande skule. Fråfallet er større i yrkesfag enn i allmennfag og større blant gutar enn blant jenter. Norge har gjennom prosjektet «Ny Giv» eit mål om at 75 prosent skal fullføre og bestå vidaregåande opplæring i løpet av 5 år innan 2015.

Hordaland

Gjennomføringstalet for Hordaland fylkeskommune hausten 2012 er redusert frå 72 % til 69,7 %. Det nasjonale talet for gjennomføring same året er framleis på 69,6 %. Talet på sluttarar i Hordaland i skuleåret 2012/13 er 858 elevar (sjå tabell 4). Hordaland fylkeskommune har som mål å redusere fråfallet ved dei vidaregåande skulane med 5%.

Tabell 4 Avbrotårsak skuleåret 2012/13. (*Tilstandsrapport Vidaregåande opplæring 2012/13* HFK, 2013.)

Avbrotssårsak	Totalt
Anna årsak/ikkje oppgitt	189
Stort fråvær	201
Feilval	139
Personlege årsaker	246
Skulelei/motivasjon	81
Fagvanskar	2
Totalt	858

I følge 'Regional Plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle' (folkehelseplanen) er det mange barn og unge som har vanskar med å meistre skulekvardagen. Opplæringslova pålegg at skulen skal fremje helsa til barn og unge. Barn og unge har rett til eit fysisk og psykososialt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring og som gir elevane eit godt grunnlag for meistring og utvikling. Folkehelseplanen har som mål å auke arbeidsdeltinga og betre overgangen mellom utdanningsnivåa og mellom vidaregåande opplæring. Det er derfor viktig å rette merksemda mot desse overgangane og bidra til at dei blir lettare.

Produksjonsskule i Hordaland

For å redusere fråfallet i vidaregåande skule i Hordaland er det laga fleksible utdanningsløp og ein skal testa ut produksjonsskule konseptet etter dansk modell. I Danmark reknar dei med at omtrent 10 prosent av kvart ungdomskull er innom ein produksjonsskule i ein periode. Produksjonsskular har som mål å gi unge som ikkje veit kva de ønskjer å gjøre i livet, muligheit til å prøve seg på ulike typar arbeidsoppgåver og yrkestyper. Hyssingen Produksjonsskule ligg i Bergen og er den første i Hordaland. Hyssingen Produksjonsskule tilbyr 45 plassar. Opphald på produksjonsskule tar ikkje tid av utdanningsretten. Eit opphald på ein produksjonsskule kan vare alt frå 3 månader til eit år, alt etter kva den enkelte ungdommen treng.

Produksjonsskule på Hjeltnes

Folkehelseplanen seier at det skal arbeidast for å auke læringsutbyttet og få fleire til å fullføre vidaregåande opplæring på normert tid (maks fem år). Med tanke på det høge talet 'slutterar' i Hordaland

og ynskje om å ha ein helsefremmande skule er det trong for å auka tilbodet til ungdom som ynskjer litt hjelp til å finne den vegen som høver for dei.

Hjeltnes har lang erfaring med å hjelpe elevar som treng lit ekstra støtte. Hjeltnes har vore knytt til «Ny Giv» og tilbyd Truck-kompetansegivande kurs. Kursa har vart 9 skuledagar. Ungdomane har budd på internat og hatt ein miljøarbeidar som har teke dei med på aktivtear på ettermiddagen eller berre prata med dei. Ungdom har reist heim frå Hjeltnes med eit truckførarbevis. Dei har både auka sin attraktivitet i arbeidsmarknaden fått eit handfast bevis på eiga mestring.

Skal ein nå måla i folkehelseplanen og redusere fråfallet i vidaregåande skule er det sannsynleg at det vil bli behov for meir enn ein produksjonsskule. Prosjektgruppa ynskjer å greie ut om Hjeltnes er ein god plass å ha ein produksjonsskule, kva type verkstader ein kunne hatt der, kva type ungdom som syntes at Hjeltnes er ein attraktivt stad for dei. Forslag til verkstader kan vere: mat og grønt. maskin og anlegg, skog og landskap, bygg, kantine og reinhald, blomsterdekoratørverkstad og kulturverkstad.

Prosjektgruppa har hatt to møter med leiaren for Hyssingen produksjonsskule, Baste Bruarøy og leiar for OT/PPT Nina Ludvigsen. På dessa møta har vi blitt styrka i vår tro på at Hjeltnes kan være med å styrke tilbodet til ungdom som treng eit litt annleis tilbod i ein periode.

Byggeprosessen på Holmen

Prosjektgruppa ynskte at arbeidet på Holmen skulle settas i gang i samsvar med skulebruksplanen. Endringane i korte trekk : Rive gammalt veksthus, bygge nytt veksthus (gammalt veksthus 2000m², nytt veksthus 1000m²), lage nytt karplantefelt, nytt hagesenter og butikk og skifte ut varmeanlegg. Desse forbetringane er naudsynte for å kunne drifta skulen på ein god måte. Ved å flytte butikken og plante-skulen ned til Holmen frigjer og forbetrar ein øvingsområde for anleggsgartnarane. Arbeid med trehuset og andre investeringar skal ikkje gjerast før Muligheitsstudiet er avslutta og saka behandla av fylkestinget. Styringsgruppa støtta prosjektgruppa sitt ynskje. Per 1. juli 2014 har eigedom vore på befarung på Hjeltnes og det er snart var klart for anbod på byggetrin 1. Byggetrinn 1 er å rive gammalt drivhus og bygge nytt drivhus.

Interessentar

Interessentar er dei som prosjektet får følgjer for. Hjeltnes vidaregåande skule er ein stor arbeidsplass i Ulvik herad med 33 tilsette. I tillegg er det ein viktig institusjon med lang historie og djupe røter i heradet. Rektor Gunnbjørg Øyre har heldt til tilsette informert om arbeidet som har skjedd i prosjektgruppa. Ordførar Hans Petter Thorbjørnsen er lenka mot Ulvik herad. Prosjektleiari har vært i Ulvik heradstyre og presentert Muligheitsstudiet. I tilknytning til politisk handsaming av søknaden frå Hjeltnes var rektor Gunnbjørg Øyre i Ulvik heradstyre og orienterte om bakgrunnen for søknaden. Prosjektstart ble dekkja av avisa Hordaland i oktober 2013. Den 26. juni 2014 ble Gunnbjørg Øyre intervjuet av avisa Hordaland.

Oppsummering

'Kva vil ein so med denne skulen?', innleia Kristoffer Frimann Hjeltnes tala si med i 1901 då han opna skulen. Dette spørsmålet har prosjektgruppa og spurt seg. Så langt i prosjektet meiner prosjektgruppa at dei to beina som Hjeltnes skal stå på i framtida er fagskule og produksjonsskule, andre aktivitetar skal vere vaksenopplæring og kompetansesenter. Utover hausten skal prosjektgruppa fortsette utrednings arbeidet som vist i tabell 2. Den 10. mars 2015 skal rapporten vere ferdig.

Referanseliste:

Halvorsen, B., Hansen, O.J., Tägtström, J., 2012, *Unge på kanten (sammendrag) – Om inkludering av utsatte ungdommer*, Nordisk ministerråd

Hordaland fylkeskommune, 2014, *Regional plan for folkehelse – Fleire gode levekår for alle- 2014-2015*

Hordaland fylkeskommune 2013, *Tilstandsrapport Vidaregåande opplæring 2012/13*

Kunnskapsdepartementet, Arbeidsdepartementet og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2013, *Ny Giv 'oppfølgingsprosjektet – samarbeid om oppfølging av ungdom*